



MØTEPROTOKOLL

Utval: Tenesteval for helse og omsorg
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 23.08.2018
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Leiar	AP
Dag Sveinung Aarflot	Medlem	SP
Arne Ullaland	Medlem	AP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Benedikte Holmberg	Nestleiar	V
Ivar Otto Kristiansen	Medlem	H
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torill Hasfjord	Ivar Otto Kristiansen	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef
Elin Høydal Vatne	Leiar rus- og psykisk helseteneste PS 23/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 21/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 22/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 23/18	Utgreiing av forslag til nattbemanning ved Myravegen 35
OS 31/18	Orienteringssaker
OS 32/18	Informasjon om Helseplattformen
OS 33/18	Målekort mai -18

PS 21/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming:

Det var fem røysteføre ved møtestart.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Det var ingen merknadar til saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

PS 22/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til protokollen frå møte den 14.06.18.

Røysting:

Protokollen frå møtet 14.06.18 vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 23/18 Utgreiing av forslag til nattbemanning ved Myravegen 35

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek kommunestyret til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebuarane ved Myravegen 35.*
- 2. Kommunestyret vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarende styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*
- 3. Kommunestyret finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.*

Handsaming:

Dag Aarflot stilte spørsmål om gildskap då han tidlegare var samburar med ei som har engasjert seg i saka om å få nattbemanning ved bustadane på øvre Rotset.

Dag Aarflot gjekk frå under røystinga om gildskap. Det var fire røysteføre.

Dag Aarflot vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Det var fem røysteføre.

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten og leiar for rus- og psykisk helseteneste Elin Høydal Vatne orienterte om saka og svarte på spørsmål frå medlemmane i tenestutvalet for helse og omsorg.

Røysting:

Leiar Hild Våge fremma å endre «Kommunestyret» i tilrådinga til «Tenestutvalet for helse og omsorg». Hild Våge sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 23.08.2018:

- 1. Tenesteutvalet for helse og omsorg tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek Tenesteutvalet for helse og omsorg til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebuarane ved Myravegen 35.*
- 2. Tenesteutvalet for helse og omsorg vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og*



VOLDA KOMMUNE

omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarande styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.

- 3. Tenesteutvalet for helse og omsorg finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.*

OS 31/18 Orienteringssaker

OS 32/18 Informasjon om Helseplattformen

Handsaming:

Helse og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte og svarte på spørsmål.

OS 33/18 Målekort mai -18

Handsaming:

Helse og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte og svarte på spørsmål.

Leiar Hild Våge bad om synfaring på avdelingane ved omsorgssenteret.

Møte slutt kl. 14:05.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
23.08.2018

Sunniva Utnes
Konsulent